

04 JUN 2016

Dato: 20.04.2016

Vår ref.: 2015/6388-50

Saksbehandlar: elsaaro1

Dykkar ref.:

## SAMARBEIDSAVTALE

Deltaking i kartleggings- og utviklingsarbeid om «Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland».

### 1.0 Bakgrunn og føremål

#### 1.1 Avtalepartar

Fjell kommune (heretter kommunen) og  
Hordaland fylkeskommune (heretter fylkeskommunen)

#### 1.2 Forankring og fundament for samarbeid

Med bakgrunn i statsbudsjettet for 2015, kap.719, post 60 og invitasjon frå Helsedirektoratet til deltaking i kartleggings- og utviklingsarbeid om «Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse», er det inngått samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunar i Hordaland. Samarbeidet er knytt opp til folkehelselova og kravet om oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar helse, og då særskild § 5C som handlar om kunnskap om faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på folk si helse.

I Hordaland fylkeskommune er arbeidet forankra i Regional plan for folkehelse 2014-25. Prosjekteigar er Direktør for regional utvikling. For Fjell kommune er prosjektet forankra i vedteke handlingsprogram for Fjell kommune 2016-2019, og i eitt av dei tolv politiske måla for kommunestyreperioden: «*Sikra trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge, der kunnskap, kultur og utvikling står sentralt. Vidare mobilisera befolkninga til å engasjere seg i frivillig arbeid, og vidareutvikla samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar*». Vidare er prosjektet forankra i kommunedelplan for trafikkisikring 2013-2016/2020, der trafikktryggleiken for barn og unge står sentralt. Eitt av måla for kommunen sitt trafikkisikringsarbeid er å stimulera til at barn og unge går eller sykklar til skulen.

### 2.0 Føremål

Føremålet med samarbeidet er å delta i eit treårig prosjekt der målsettinga er:  
*Gode nærmiljø/lokalsamfunn som fremjar folkehelse.*

Delmåla i prosjektet er:

- Betre kvalitative utfordringsoversikter på folkehelseområdet som kunnskapsgrunnlag for kommunale plan- og avgjerdsprosessar.
- Betre kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel, og om korleis folk har det i lokalsamfunna.
- Utvikling av eigna metodar i medverknadsarbeidet.
- Å legge grunnlag for konkrete tiltak i samsvar med lokale folkehelseutfordringar.
- Å legge til rette for kompetansebygging med regionale utdanningsinstitusjonar om nærmiljø og lokalsamfunnskvalitetane si betydning for folkehelse.

Både hovudmål og delmål er sett av Helsedirektoratet og er felles for alle deltakande fylke og kommunar. Samarbeidspartane i Hordaland - fylkeskommunen og kommunane - gjennom sitt kartleggings- og utviklingsarbeid skal støtte opp under desse måla. Kommunane kan med grunnlag i overordna mål/delmål utvikle lokale innsatsområder og målområder.

### 3.0 Strategiar og forventa resultat

#### Strategiar

- Bygge opp under deltakarkommunane som premissleverandørar for utviklingsarbeidet i eiga kommune.
- Lage gode samarbeidsfora og arenaer for utvikling med deltakande kommunar og i samarbeid med regional utdanningsinstitusjon.
- Dele erfaringar og bidra til kunnskapsbygging primært i deltakarkommunane, men også i andre kommunar i fylket og ut mot andre relevante samarbeidspartar.
- Arbeide på tvers av sektorane i fylkeskommunen og kommunane.

#### Forventa resultat

- Prosjektet er godt forankra - administrativt og politisk - både i fylkeskommunen og i deltakarkommunane.
- Det er utvikla eit betre kunnskapsgrunnlag og meir kompetanse om faktorar som hemmar eller fremjar folkehelse i ulike lokalmiljø i Hordaland.
- Kommunane har døme på nærmiljøkvalitetar, metodar og tiltak som kan nyttast vidare i det kommunale planarbeidet.
- Kommunen har fått eit betre kunnskapsgrunnlag om dei kommunale tenestene sin innsats i dei enkelte lokalsamfunna, som lokal status, utfordringar og viktige samarbeidspartar.
- Kunnskap om nærmiljø og lokalsamfunnskvalitetar er innarbeidde eller det er plan for å innarbeide i kommunale plandokument.
- I oversiktsarbeidet - og planarbeidet i kommunane det det integrert meir relevante tiltak i tråd med befolkninga sine behov.
- Innsatsen er dokumentert.

Forventa resultat er i tråd med forventningar gjeve av Helsedirektoratet til prosjektet.

### 4.0 Roller og plikter

#### Roller

Hordaland fylkeskommune har prosjektleiaransvaret. I dette ligg mellom anna:

- Ansvar for å koordinere og drive fram prosjektet.
- Forankre prosjektet i eigen organisasjon.
- Stå økonomisk og administrativt ansvarleg overfor Helsedirektoratet.
- Vere pådrivar for og samordne prosjektet regionalt mellom anna knytt til støtte og vegleiing og kompetansebygging i kommunane.
- Bidra til system for kunnskapsformidling for å få fram gode døme og overføre erfaring og kunnskap til andre kommunar og relevante samarbeidspartar i samarbeid med deltakarkommunane.
- Etablere samhandling med undervisningsmiljø om følgje-med rolla og evaluering.

Kommunane forpliktar seg til å gjennomføre prosjektet i tråd med prosjektsøknad/oppdatert prosjektplan.

I dette ligg mellom anna:

- Etablere prosjektleiing og forankre prosjektet i eigen kommune. Lokal prosjektutvikling.
- Vidareutvikle prosjektet/handlingsplan/strategiar for å gjennomføre medverknadstiltak lokalt med brei tilnærming (befolkningsretta).
- Nytte relevante kvalitative kartleggingsmetodar og dokumentere bruken av desse.
- Vidareutvikle system/struktur for implementering av resultat inn i oversiktsdokument og planar for å få fram innbyggjarane sine perspektiv, og utforme tiltak for implementering i kommunale planar.
- Delta i og bidra til kompetansehevingstiltak/samlingar lokalt og regionalt.
- Bidra til rapportering/erfaringsdeling/evaluering av lokale prosjekt.

**Plikter****Sluttrapport/årsrapport på måloppnåing**

Kommunane rapporterer til fylkeskommunen som gir ei samla tilbakemelding årleg til Helsedirektoratet. Rapporteringa skal beskrive korleis og i kva for grad måla for å nytte tilskotet er oppnådd. Dette gjerast ved å rapportere på kriteria for måloppnåing. Vidare skal rapporteringa innehalde: Oppgåver og framdriftsplan for det vidare arbeidet. Hordaland fylkeskommune gjev melding om rapporteringsfrist til fylkeskommunen frå kommunane.

**Rekneskapsrapportering**

Kommunane og fylkeskommunen forpliktar seg også til å levere rekneskap for prosjektet årleg i tråd med retningslinjer gjevne av Helsedirektoratet. Rekneskapen skal først for tilskotet og eigenfinansieringa, skilt frå anna rekneskap til dømes med ein prosjektkode. Rekneskapet skal berre vise kva for utgifter som er dekkja av tilskotet og eigenfinansieringa. Rekneskapet skal kunne samanliknast med budsjettet i søknaden. Hordaland fylkeskommune gjev melding om frist for rekneskapsrapportering til kommunane når denne kjem frå Helsedirektoratet.

Rapporteringsmalen (Alt-inn) inneheld ferdig definerte utgiftskategoriar som rekneskapstalla skal først inn i. I tillegg skal det leggjast ved rekneskapsutskrift direkte frå økonomisystemet som viser kva for arts konti utgiftene er fordelt på. Utskrifta kan vise utgifter aggregert per art og treng ikkje vise dei einskilde bilaga. Det vert vist til standardvilkåra for tilskot frå Helsedirektoratet. Det er fylkeskommunen som samla rapporterer i Alt-inn.

**Revisorkontroll**

Rekneskapet skal reviderast av registrert revisor, statsautorisert revisor eller oppdragsansvarleg kommunerevisor (jf. § 11 i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar) i samsvar med Den norske revisorforening sin standard ISA 805 «*Særlege hensyn ved revisjon av enkeltstående regnskapsoppstillingar og spesifikke elementer, kontoer eller poster i en regnskapsoppstilling*». Tilskotsmottakar må gje revisor kopi av dette brevet før revisorkontroll. Nærmare om krav til revisorkontroll i tilskotsbrev frå Helsedirektoratet datert 20.10.2015 (vedlegg).


**5 0 Tilskot**

Hordaland fylkeskommune tildelar årlege tilskot til kommunane i tråd med retningslinjer gjevne av Helsedirektoratet, regelverket for ordninga og krav i tilskotsbrev. Tilskot for 2016 blei utbetalt i desember 2015. Tilskot for åra 2016/17 og 2017/18 føreset tildeling av midlar gjennom nytt budsjettvedtak frå Stortinget, og utbetaling til Hordaland frå Helsedirektoratet i tråd med kriterier nytt til rapportering på måloppnåing og framdriftsplan. Tilskotet skal nyttast til utgifter som rettar seg mot måla og nyttast i samsvar med budsjett og tiltak som er skildra i søknaden. Tilskotet skal ikkje dekke utgifter til innkjøp av utstyr og investeringar. Tilskotet kan ikkje omdisponerast til andre føremål utan skriftleg godkjenning frå Helsedirektoratet. Det er rom for mindre justeringar i samband med utvikling av prosjektet.

**6 0 Varighet for prosjektet**

Prosjektet er eit 3-årig utviklingsarbeid. Dato for start er i følgje tilskotsbrevet frå Helsedirektoratet, den 21.10.2015. I Hordaland er dato for start sett til 07.12.15.

Bergen 10 06 16



Rådmann Steinar Nesse



Fylkesdirektør for regional utvikling HFK Bård Sandal

Avtalen er underteikna i to eksemplar. Eit til kommunen og eit til fylkeskommune



Dato: 20.04.2016  
Vår ref.: 2015/6388-50  
Saksbehandlar: elsaaro1  
Dykkar ref.:

## **SAMARBEIDSAVTALE**

Deltaking i kartleggings- og utviklingsarbeid om «Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse i Hordaland».

### **1.0 Bakgrunn og føremål**

#### **1.1 Avtalepartar**

Fjell kommune (heretter kommunen) og  
Hordaland fylkeskommune (heretter fylkeskommunen)

#### **1.2 Forankring og fundament for samarbeid**

Med bakgrunn i statsbudsjettet for 2015, kap.719, post 60 og invitasjon frå Helsedirektoratet til deltaking i kartleggings- og utviklingsarbeid om «Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelse», er det inngått samarbeid mellom fylkeskommunen og kommunar i Hordaland. Samarbeidet er knytt opp til folkehelselova og kravet om oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar helse, og då særskild § 5C som handlar om kunnskap om faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på folk si helse.

I Hordaland fylkeskommune er arbeidet forankra i Regional plan for folkehelse 2014-25. Prosjekteigar er Direktør for regional utvikling. For Fjell kommune er prosjektet forankra i vedteke handlingsprogram for Fjell kommune 2016-2019, og i eitt av dei tolv politiske måla for kommunestyreperioden: «*Sikra trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge, der kunnskap, kultur og utvikling står sentralt. Vidare mobilisera befolkninga til å engasjere seg i frivillig arbeid, og vidareutvikla samarbeidet med frivillige lag og organisasjonar*». Vidare er prosjektet forankra i kommunedelplan for trafikkisikring 2013-2016/2020, der trafikktryggleiken for barn og unge står sentralt. Eitt av måla for kommunen sitt trafikkisikringsarbeid er å stimulera til at barn og unge går eller sykklar til skulen.

### **2.0 Føremål**

Føremålet med samarbeidet er å delta i eit treårig prosjekt der målsettinga er:  
*Gode nærmiljø/lokalsamfunn som fremjar folkehelse.*

Delmåla i prosjektet er:

- Betre kvalitative utfordringsoversikter på folkehelseområdet som kunnskapsgrunnlag for kommunale plan- og avgjerdsprosessar.
- Betre kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel, og om korleis folk har det i lokalsamfunna.
- Utvikling av eigna metodar i medverknadsarbeidet.
- Å legge grunnlag for konkrete tiltak i samsvar med lokale folkehelseutfordringar.
- Å legge til rette for kompetansebygging med regionale utdanningsinstitusjonar om nærmiljø og lokalsamfunnskvalitetane si betydning for folkehelse.

Både hovudmål og delmål er sett av Helsedirektoratet og er felles for alle deltakande fylke og kommunar. Samarbeidspartane i Hordaland - fylkeskommunen og kommunane - gjennom sitt kartleggings- og utviklingsarbeid skal støtte opp under desse måla. Kommunane kan med grunnlag i overordna mål/delmål utvikle lokale innsatsområder og målområder.

### 3.0 Strategiar og forventat resultat

#### Strategiar

- Bygge opp under deltakarkommunane som premissleverandørar for utviklingsarbeidet i eiga kommune.
- Lage gode samarbeidsfora og arenaer for utvikling med deltakande kommunar og i samarbeid med regional utdanningsinstitusjon.
- Dele erfaringar og bidra til kunnskapsbygging primært i deltakarkommunane, men også i andre kommunar i fylket og ut mot andre relevante samarbeidspartar.
- Arbeide på tvers av sektorane i fylkeskommunen og kommunane.

#### Forventa resultat

- Prosjektet er godt forankra - administrativt og politisk - både i fylkeskommunen og i deltakarkommunane.
- Det er utvikla eit betre kunnskapsgrunnlag og meir kompetanse om faktorar som hemmar eller fremjar folkehelse i ulike lokalmiljø i Hordaland.
- Kommunane har døme på nærmiljøkvalitetar, metodar og tiltak som kan nyttast vidare i det kommunale planarbeidet.
- Kommunen har fått eit betre kunnskapsgrunnlag om dei kommunale tenestene sin innsats i dei enkelte lokalsamfunna, som lokal status, utfordringar og viktige samarbeidspartar.
- Kunnskap om nærmiljø og lokalsamfunnskvalitetar er innarbeide eller det er plan for å innarbeide i kommunale plandokument.
- I oversiktsarbeidet - og planarbeidet i kommunane det det integrert meir relevante tiltak i tråd med befolkninga sine behov.
- Innsatsen er dokumentert.

Forventa resultat er i tråd med forventningar gjeve av Helsedirektoratet til prosjektet.

### 4.0 Roller og plikter

#### Roller

Hordaland fylkeskommune har prosjektleiaransvaret. I dette ligg mellom anna:

- Ansvar for å koordinere og drive fram prosjektet.
- Forankre prosjektet i eigen organisasjon.
- Stå økonomisk og administrativt ansvarleg overfor Helsedirektoratet.
- Vere pådrivar for og samordne prosjektet regionalt mellom anna knytt til støtte og vegleing og kompetansebygging i kommunane.
- Bidra til system for kunnskapsformidling for å få fram gode døme og overføre erfaring og kunnskap til andre kommunar og relevante samarbeidspartar i samarbeid med deltakarkommunane.
- Etablere samhandling med undervisningsmiljø om følgje-med rolla og evaluering.

Kommunane forpliktar seg til å gjennomføre prosjektet i tråd med prosjektsøknad/oppdaterert prosjektplan.

I dette ligg mellom anna:

- Etablere prosjektleing og forankre prosjektet i eigen kommune. Lokal prosjektutvikling.
- Vidareutvikle prosjektet/handlingsplan/strategiar for å gjennomføre medverknadstiltak lokalt med brei tilnærming (befolkningsretta).
- Nytte relevante kvalitative kartleggingsmetodar og dokumentere bruken av desse.
- Vidareutvikle system/struktur for implementering av resultat inn i oversiktsdokument og planar for å få fram innbyggjarane sine perspektiv, og utforme tiltak for implementering i kommunale planar.
- Delta i og bidra til kompetansehevingstiltak/samlingar lokalt og regionalt.
- Bidra til rapportering/erfaringsdeling/evaluering av lokale prosjekt.

**Plikter****Sluttrappport/årsrapport på måloppnåing**

Kommunane rapporterer til fylkeskommunen som gir ei samla tilbakemelding årleg til Helsedirektoratet. Rapporteringa skal beskrive korleis og i kva for grad måla for å nytte tilskotet er oppnådd. Dette gjerast ved å rapportere på kriteria for måloppnåing. Vidare skal rapporteringa innehalde: Oppgåver og framdriftsplan for det vidare arbeidet. Hordaland fylkeskommune gjev melding om rapporteringsfrist til fylkeskommunen frå kommunane.

**Rekneskapsrapportering**

Kommunane og fylkeskommunen forpliktar seg også til å levere rekneskap for prosjektet årleg i tråd med retningslinjer gjevne av Helsedirektoratet. Rekneskapen skal først for tilskotet og eigenfinansieringa, skilt frå anna rekneskap til dømes med ein prosjektkode. Rekneskapet skal berre vise kva for utgifter som er dekkja av tilskotet og eigenfinansieringa. Rekneskapet skal kunne samanliknast med budsjettet i søknaden. Hordaland fylkeskommune gjev melding om frist for rekneskapsrapportering til kommunane når denne kjem frå Helsedirektoratet.

Rapporteringsmalen (Alt-inn) inneheld ferdig definerte utgiftskategoriar som rekneskapsstalla skal først inn i. I tillegg skal det leggjast ved rekneskapsutskrift direkte frå økonomisystemet som viser kva for arts konti utgiftene er fordelt på. Utskrifta kan vise utgifter aggregert per art og treng ikkje vise dei einstilte bilaga. Det vert vist til standardvilkåra for tilskot frå Helsedirektoratet. Det er fylkeskommunen som samla rapporterer i Alt-inn.

**Revisorkontroll**

Rekneskapet skal reviderast av registrert revisor, statsautorisert revisor eller oppdragsansvarleg kommunerevisor (jf. § 11 i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar) i samsvar med Den norske revisorforening sin standard ISA 805 «*Særlege hensyn ved revisjon av enkeltstående regnskapsoppstillingar og spesifikke elementar, kontoer eller poster i ein regnskapsoppstilling*». Tilskotsmottakar må gje revisor kopi av dette brevet før revisorkontroll. Nærmare om krav til revisorkontroll i tilskotsbrev frå Helsedirektoratet datert 20.10.2015 (vedlegg).


**5 0 Tilskot**

Hordaland fylkeskommune tildelar årlege tilskot til kommunane i tråd med retningslinjer gjevne av Helsedirektoratet, regelverket for ordninga og krav i tilskotsbrev. Tilskot for 2016 blei utbetalt i desember 2015. Tilskot for åra 2016/17 og 2017/18 føreset tildeling av midlar gjennom nytt budsjettvedtak frå Stortinget, og utbetaling til Hordaland frå Helsedirektoratet i tråd med kriterier knytt til rapportering på måloppnåing og framdriftsplan. Tilskotet skal nyttast til utgifter som rettar seg mot måla og nyttast i samsvar med budsjett og tiltak som er skildra i søknaden. Tilskotet skal ikkje dekke utgifter til innkjøp av utstyr og investeringar. Tilskotet kan ikkje omdisponerast til andre føremål utan skriftleg godkjenning frå Helsedirektoratet. Det er rom for mindre justeringar i samband med utvikling av prosjektet.

**6 0 Varighet for prosjektet**

Prosjektet er eit 3-årig utviklingsarbeid. Dato for start er i følgje tilskotsbrevet frå Helsedirektoratet, den 21.10.2015. I Hordaland er dato for start sett til 07.12.15.

Bergen 10 06 16



Rådmann Steinar Nesse



Fylkesdirektør for regional utvikling HFK Bård Sandal

Avtalen er undertekna i to eksemplar. Eit til kommunen og eit til fylkeskommune